

# Handbok for Foreldrearbeid i skulen



Kleppe skule  
2017-2018

# Generell del

## Foreldre i skulen

Det er nedfelt i lov at det skal vere samarbeid heim-skule. Dette er organisert i fleire ledd.

1. Foreldrekontaktar for kvar klasse
2. FAU representerer alle foreldre, klassekontaktane vel representant til FAU
3. Driftsstyre, foreldre frå FAU sit i skulen sitt driftsstyre
4. Foreldre frå FAU sit i skulemiljøutvalet

Å sitje i ein av desse posisjonane som foreldre, er ei tillitsoppgåve. Oppgåva er å representere foreldre og heim, og dermed også elevane i skulekvardagen.

Det er viktig å understreke at all informasjon ein får under arbeid som foreldre-tillitsvald er underlagt teieplikt-reglane i forvaltningslova.

## Foreldrekontakten

Foreldrekontakten arbeider på klassenivået der samarbeidet heim - skule vert skapt.

## Korleis velje foreldrekontaktar

Vanlegvis vel ein foreldrekontaktar på første foreldremøte på hausten. Desse foreldremøta er typisk organisert med ein fellesdel for alle foreldre på trinnet, og ein del i klassane. Når ein kjem i klassane vel ein nye foreldrekontaktar.

Dei som går ut har i nokon tilfelle snakka med andre som kan tenka seg å vere med vidare, men det er lurt at valet er ope og fritt for alle. Me tilrår difor at foreldrekontaktane som sit høyrer med dei framømte kven som kan tenke seg å vere med vidare. Ver særleg merksam på foreldre frå andre land/språk. Det vil vere ein fordel for arbeidet vidare at alle «typar» foreldre er representert. Ein fare er nemleg at foreldrekontaktar vert rekruttert innan ei lita gruppe som kjenner kvarandre frå før. Det er ikkje lett å rekke opp handa dersom det er nokon som på førehand har sagt at dei kan sitje som foreldrekontakt...

Ope val må vere malen. Så kan det kanskje vere lurt å høyre litt rundt i førekant om nokon er interessert dersom det ikkje skulle vere nokon som melder seg...

## Typiske oppgåver vil vere:

- Bindeledd mellom foreldre og kontaktlærer. Foreldrekontaktar og kontaktlærer har eit felles ansvar for å utvikle eit positivt miljø i klassen, noko som er viktig for god læring
- Talerøyr for foreldre i saker av generell karakter og ta desse opp med kontaktlærer. Foreldrekontaktane skal ikkje involverast i spørsmål som gjeld enkeltelevar.
- Samarbeide med kontaktlærer ved planlegging og gjennomføring av foreldremøte.
- Samarbeide med dei andre foreldrekontaktane på trinnet.
- Bidra til godt klassemiljø ved å organisere eitt eller fleire arrangement for heile trinnet i løpet av et skuleår. Det er viktig å involvere dei fleste foreldre i dette. Ansvar for gjennomføring ligger på føresette i fellesskap.
- Ta eit særskilt ansvar for å bygge relasjonar dersom klassen spriker og slit med å få til den gode gruppefølelsen. Eit triveleg kveldsarrangement eller to kan bety svært mykje for trivsel og for at alle i klassen skal bli betre kjent.
- Organisere vennegrupper på 1.-4.trinn i samarbeid med kontaktlærer.
- Organisere sykkelprøven på 4.trinn saman med skulen.
- Organisere 17.mai-komit e p  7.trinn

- Ta kontakt med nye foreldre i klassen etter informasjon frå kontaktlærer. Ver spesielt merksam på foreldre som finn det vanskeleg å møte. Prøv å kome i dialog og hjelp evt med å forstå nytten av foreldrearbeidet i skulen. Har du kapasitet er det fint om du ringer eller pratar med desse foreldra i førekant av foreldremøte og arrangement for å forklara kva det går ut på. Alle foreldre skal føle seg trygge i møte med skulen, både for eigen del og for barna deira.
- Avgjere om trinnet skal ta i bruk «trinnkasse» til diverse arrangement.
  - Det er viktig at innbetalingar til en slik kasse er frivillig og kan gjerast anonymt. Det skal ikkje førast liste over kven som betalar. Ingen må føle seg pressa til å bidra. Pengane skal komme heile klassen til gode, uavhengig av kven som har betalt inn.
- Samarbeide med FAU. Foreldrekontaktane skal rapportere til FAU (referat frå foreldremøte). Dei skal også hjelpe FAU ved arrangement i deira regi.
- Saker som gjeld fleire klassar eller heile skulen skal løftast vidare til FAU.
- Foreldrekontaktane behandlar sjølvstøtt sensitiv informasjon konfidensielt

## Foreldrerådets Arbeidsutval (FAU)

Alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmar av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er foreldrestemmen i skulen. FAU skal blant anna sikre reell medverknad frå foreldre og ha medansvar for at elevane har eit trygt og godt læringsmiljø.

FAU kan danne underutval ved behov.

FAU har normalt møte ein gong i månaden.

Forfall skal meldast til leiar, og ein skal sjølv avtale med vara.

FAU kan gjere vedtak når halvparten av medlemmane har møtt. Ved lik stemme har leiar dobbelstemme.

FAU tar ikkje opp personsensitive saker. Vert personar nemnt, skal ikkje dette refererast.

Det skal førast referat frå alle møter. Desse skal leggjast ut på nettsidene snarast råd.

## Oppgåver kan vere

- Trygt og sikkert læringsmiljø. Trivsel er viktig i barns læring.
- Vurderingar i skulen
- Mobbefritt skulemiljø
- Trygg skuleveg for alle elevane
- Sosiale tiltak for elevane
- Kurs for foreldrekontaktar
- Samlingar for foreldre og lærarar
- Informasjonskanal til alle føresette

## Kommunalt Foreldreutval (KFU)

KFU er eit fellesorgan for alle foreldre med barn i grunnskulen i Klepp. KFU skal ivareta føresette sine interesser i skulespørsmål og gi barna eit best mogleg skuletilbod. KFU skal vere eit naturleg bindeledd mellom føresette, FAU, skulane, opplæringskontoret og politiske organ. KFU skal engasjere seg i saker av generell betydning

for alle skulene i Klepp. FAU Kleppe Skule har ein repr. i Klepp KFU.

## Driftsstyre

Driftsstyre er skulen sitt øvste styre, plassert mellom kommunalsjef og rektor.

Samansetjing (alle med personlege vara):

3 representantar frå foreldra (Ein av dei er FAU-leiar), 2 år

3 representantar frå tilsette (2 med pedagogisk bakgrunn), 2 år

2 representantar frå elevane, 2 år

1 representantar frå kommunen, 4 år

Rektor møter med tale og forslagsrett, sekretariatfunksjon.

Første gong driftsstyret vert oppretta skal halvparten veljast for eitt år, slik at ein får rullerande utskifting. Dersom ein representant går ut rykker vara opp og ny vara vert vald. Driftsstyret vel leiar som skal vere ein av foreldra, og nestleiar. Det skal først møtebok. Kommunalsjef skal ha kopi. Teieplikt etter forvaltningslova.

Driftsstyret kan lukke møtet ved t.d. personalsaker. Elevrepresentantane går då ut.

## Skulemiljøutval (SMU)

Etter opplæringsloven § 11-1a skal skulen ha eit skulemiljøutval. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen sitt fysiske og psykososiale miljø.

Driftsstyret ved skulen er også skulemiljøutval.

Skulemiljøutvalet skal arbeide for at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

## Meir informasjon

Viser elles til [www.fug.no](http://www.fug.no) der du finn generell informasjon som:

ABC for Foreldrekontaktar

Medlem av FAU

Medlem av driftsstyre

Skulemiljøutval – rettleiing til medlemmene

Og ei rekke andre publikasjonar. Alle foreldretillitsvalde bør sjekka desse sidene.

## Val foreldrekontaktar

Foreldrekontaktane har ansvar for å arrangere val til nye foreldrekontaktar i april/mai.

Foreldrekontaktar skal veljast på klasse-foreldremøte. Det kan vere ein fordel om foreldrekontaktane har vore valkomité og spurt aktuelle kandidatar om dei er interesserte. Men foreldremøtet i klassane står sjølvstøtt fritt til å velje dei dei vil.

Det skal vere to foreldrekontaktar i kvar klasse. Ein vel for eitt/to år, slik at den eine sit vidare når den nye kjem inn.

### Foreldrekontakt-møter

Det skal vere minimum to foreldrekontaktmøter i året på trinnet. Det er skulen i samarbeid med FAU som kallar inn til møte og lagar saksliste.

Foreldrekontaktane lagar årshjulet på trinnet saman med trinnlærar.

Foreldrekontaktane bør elles ha ei samling med ildémýldring om korleis ein får gode kjekke arrangement for elevar og føresette. Planlegge arrangementa på årshjulet. Er det andre ting me vil få til?

Midten av januar: Planlegge foreldremøte på våren, tema, organisering.

## Val FAU

Same kvelden som klassane har fått nye foreldrekontaktar, så møtes desse for å velje ein representant seg imellom til FAU (med vara) frå trinnet. Det skal veljast til 1., 3. 5 og 7. trinn. (Valet vert altså i april/mai på slutten av skuleåret før, altså på slutten av 2.trinn, 4.trinn og 6.trinn).

For 1.trinn vert valet avvikla på foreldremøtet på våren før elevane startar på skulen.

Alle val skal vere avvikla innan 15. mai. SFO vel på foreldremøte på hausten.

FAU-representantar og vara skal veljast for 2 år.

Nye og avtroppande FAU-representantar møter saman på felles FAU-møte i juni.

FAU-leiar (eller delegert) er representert på møte for komande 1.trinn på våren. Her må det informerast om FAU sine oppgåver og sørge for at det blir valt 1 medlem og 1 varamedlem.

FAU konstituerer seg på møte i juni. Det skal veljast leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, og styremedlemmar, samt representant til det kommunale foreldreutvalet, Driftsstyret og skulemiljøutvalet. Leiar for FAU er automatisk medlem av Driftsstyret og SMU.

FAU-representanten og foreldrekontaktane held kontakt gjennom valperioden. FAU-representanten informerer foreldrekontaktane om aktuelle saker frå FAU, og foreldrekontaktane tek opp aktuelle saker frå klassane med sin FAU-representant. FAU-representanten er organisatoren, har kontroll på årshjul etc. Dei andre foreldrekontaktane utfører dei praktiske oppgåvene og konsentrerer seg om klassemiljøet.

### Fellesmøte Foreldrekontaktar og FAU-representant

Kvar FAU-representant samlar sine foreldrekontaktar til idédugnad for å finna aktivitetar som kan gjennomførast av dei til ei kvar tid sitjande foreldrerepresentantane. Altså enkle greie aktivitetar som ikkje krev særskilt kompetanse.

Alle desse ideane tek me så tilbake til FAU og deler dei på dei ulike stega slik at dei er tilpassa elevane. Det bør også vere ei viss progresjon i aktivitetane.

Tanken er å ha alderstilpassa aktivitetar for kvart trinn, og at det kjem til nye ting for kvart/annakvart år. T.d. kan ein tenke seg at sommaravslutninga er på skuleområde dei tre første åra, men kjekke aktivitetar for store og små. På 4., 5., 6., og 7.trinn vel ein andre stader for avslutningane sine. T.d. Toreskogen, Haugabakka, Kleppelunden, Gunnarsberget etc.

## Kontakt

Kontakten kan haldast på fleire måtar. Fysisk møte er jo alltid kjekt, å møtast for å snakke om arbeidet over ein kopp kaffi er ofte den beste møteforma. Men kan vere vanskeleg å få til.

Mailkontakt er også til god hjelp. Mailgrupper og «svar til alle» er ein rask og enkel måte å halde kontakt.

Men den enklaste er nok å opprette ei lukka gruppe på Facebook for foreldrekontaktane og FAU-representanten på klassesteget. Då er ofte terskelen låg for å legge inn eit spørsmål, ein kommentar eller kva ein vil. Det er også dokument-arkiv i slike grupper, slik at alle kan ha tilgang på referat og felles planar.

## [www.minskole.no/kleppe](http://www.minskole.no/kleppe)

Skulen si heimeside er viktig for alle foreldre. All informasjon på dei ulike klassetrinna vert lagt ut her. Her finn du også informasjon frå FAU. Nede til høgre på sida kan du abonnere på dei sidene som gjeld deg. Det er viktig at foreldrekontaktane opplyser om denne sida på alle foreldremøter.

## Foreldre med språkutfordringar

Familiar med kort butid i landet kan finne det vanskeleg å delta på foreldremøter, sidan dei ikkje får med seg det som vert sagt. Difor vel mange av dei å bli heime. For å gjere det lettare for dei, bør foreldrekontaktane finne ut kva språk foreldra i klassen kan, og gi ut informasjon på deira språk. Dette gjer ein enkelt med å skrive ned det som skal tas opp, og køyre teksten gjennom Google translator. Det vert ikkje perfekt, men det er forståeleg. Dersom desse foreldra får utskrift på sitt språk saman med bileter frå ein eventuell powerpoint, så blir det mykje lettare å følgje med, og mykje lettare å involvere dei i klassearbeidet.

## Foreldretiltak mot mobbing

1. Foreldre er klassekontaktar i alle klassar, og dei arbeider for sosial kontakt og trivsel i klassane mellom alle elevane. Sosiale kveldar som spelkveld, skøytekveld, julegraut, påskefrukost, sommaravslutning etc.
2. Heimegrupper på dei yngste stega slik at elevane skal bli kjent også med dei dei ikkje har så mykje med til dagleg. FAU meiner at alle foreldre må ta ansvar for dette, slik at heimegrupper går føre andre fritidsaktivitetar som t.d. fotball og speidar. Alle bør inviterer, alle bør møte. Det kan sjølvstakt vere gyldige unntak, men dette bør vere hovudregel.
3. Foreldre deltek aktivt i fritidsaktivitetar for barna, t.d. speidarleiar, fotballtrenar osv.
4. Foreldrearbeidet til klassekontaktane vert koordinert gjennom FAU.

## «Foreldre-reglar»

- A. Me pratar fint om og til andre elevar, familiar, lærarar og skulen generelt som barna høyrer.

Det er viktig at barna har godt og positivt syn på andre barn, familiar og skulen generelt. Då aukar trivsel og sjansen for mobbing vert redusert. Ingen mobbar dei dei liker og har eit godt forhold til. Er det noko du reagerer på, ta det opp med skulen eller foreldra til den det gjeld. Me kjem lengst med god dialog.

- B. Me inviterer alle i klassen i selskap, t.d. alle eller alle av same kjønn. Alle som vert invitert møter.

Det er vondt og trist om ein elev ikkje vert invitert. Sjølv om ein elev ikkje pleier å kome, så bør alle inviterast uansett. Å verte utestengt eller gløymt er svært vondt for den det gjeld. Når ein inviterer til selskap, er det sjølvstakt at alle møter. Det er vondt for den som inviterer om gjester ikkje møter opp utan å gje beskjed. Hugs også at om du i tillegg inviterer nokon frå andre klassar (eller for eksempel fotballaget), så pass på at det ikkje er ein eller to som ikkje blir invitert. Det føles også som utestenging.

- C. Skulearrangement går føre fritidstilbod.

Når skulen eller klassekontaktane arrangerer noko for elevane, så deltek alle. Dette gjeld førestillingar, spelekveldar, skøytekveldar eller kva det måtte vere. Det er viktig å vere i lag utanom vanlege skuleaktivitetar. Trening og andre fritidsaktivitetar går ein på jamleg. Då har ein «råd» til å gje beskjed at ein ikkje kjem fordi skulen har eit arrangement desse få gongene.

- D. Me skal skryte av barna, eigne og andre, når dei gjer noko bra for andre

Dette vil lære dei å gje gode tilbakemeldingar til andre, t.d. medelevar. Med å legge vekt på det som er positivt, vert det som er negativt ikkje så viktig.

- E. Me skal vere rollemodellar, vere positive til andre barn og familiare deira.

- F. Me skal bry oss.

Me skal sjå og høyre, og er det noko me reagerer på av negativ åtferd, skal me ta det opp med foreldre eller skule.

# Praktisk del

## Sjekkliste for foreldrekontaktane

Når foreldrekontaktane er vald, bør dei snarast råd, i løpet av mai, samla seg og avklare arbeidet vidare. Nokon ting er det viktig å få på plass svært fort. Kanskje ein skal samle inn mail/telefon på foreldremøtet på våren, altså i april/mai. Når foreldrekontaktane er på plass kan dei ringe rundt og samle inn dei som manglar.

Nokon foreldrekontaktar lagar facebook-gruppe på trinnet. Dette gjer informasjonsflyten mykje enklare.

Foreldrekontaktane lagar forslag til årshjul, FAU-representanten tek det med seg i FAU og koordinerer med dei andre trinna.

## Klassekasse

Foreldrekontaktane i klassen / på steget vurderer behov for klassekasse/steg-kasse. Poenget er å ha litt pengar til velferdstiltak og arrangement for elevane.

Klassekasse er noko ein oppmodar foreldre til å betale inn til, det kan ikkje gjerast obligatorisk. Ein bør operere med eit fast beløp, men seie at en kan betale meir eller mindre alt etter kva ein ser seg i stand til.

Oppgåve	Ansvar	Utført
Velje FAU-representant, april		
Samle inn mail og mobilnr, april		
Lage årshjul 1.sept.		
Koordinere årshjula i FAU		
Fordele ansvar		
Foreldrekontakt-møte midten av september: Planlegging og idémyldring aktivitetar		
Foreldrekontakt-møte midten av januar: Planlegge og organisere foreldremøte vår		
Informasjon til foreldre om «bursdagsreglane»		
Vurdere behov for klassekasse, beløp og informere om kontonummer		



## Ansvarsoppgåver FAU

Posisjon	Ansvarsoppgåve
Leiar	Kalle inn/Leie FAU, Medlem Driftsstyret og SMU, talsperson for FAU
Nestleiar	Ajourhald denne handboka, distribusjon, legge på nett
Sekretær	Referat FAU, arkivere referat, legge på nett
Kasserar	FAU sin rekneskap, ordne fullmakt til konto, reflekskonkurransen
	Sykkelprøven 4.trinn, organisere med skule og foreldrekontaktar
	Organisere 7.kl avslutningsfesten i samarbeid med foreldrekontaktane
	Temamøter etter behov
	«Årsmøte» på trinnet: Velje foreldrerepresentant og FAU

Alle FAU-medlemmer har ansvar for å halde jamn kontakt med foreldrekontaktane, få inn planar, referat etc og ta desse opp i FAU.

## Bursdag og andre festar

På Kleppe skule vil me at alle følger dei same reglane når dei inviterer til bursdag og andre festar.

1. Alle i klassen, eller alle av same kjønn i klassen vert invitert. Ein kan sjølvsagt invitere andre, t.d. frå andre klassar, men inviterer ein klassen, så bør alle med!

Ver merksam på at om barnet ditt inviterer nokon frå andre klassar, så pass på at det ikkje er bare ein eller to som ikkje vert invitert. Det vil for dei følast som utestenging. Det same gjeld om ein t.d. inviterer klassen og fotballaget. Sjekk at det ikkje er bare nokre få som fell utanfor. Skjer dette med fleire i klassen, så vil det jo vere mange selskap dei to ikkje blir invitert til. Alltid litt lurt å sjekke om det er nokon få som havnar utanfor. Dessverre skjer dette altfor ofte, også på Kleppe skule. Det er nok ikkje vond vilje, men ein tenker kanskje ikkje over det.

2. Når barnet ditt blir invitert til ein i klassen, så stiller ein om det ikkje er sterke grunnar til å la vere.

3. Ver særleg merksam på elevar som ikkje har møtt tidlegare. Er det ein grunn til dette som kan gjerast noko med? Ta gjerne kontakt med desse familiane (telefon, brev, mail eller møte) for å tryggja dei. Fortel kva som vert servert og kva type aktivitet som er planlagt. Tilby foreldra å vere med i selskapet, kan vere koseleg å ta ein kopp kaffi og bli kjent med dei medan barna leiker og koser seg.

### Kvifor slike reglar?

Det har vore døme på at einskilde elevar ikkje har blitt invitert av ein eller annan grunn. Bursdag er ikkje staden å markere kven ein liker og ikkje. Tenk heller at det er eit høve for alle til å vere saman og oppleve noko saman. Kanskje ein får betre miljø, betre trivsel og mindre mobbing om alle er saman? Er det ein elev ein synes er litt vel livleg, så inviter ein av foreldra til å vera med i selskapet, så tek dei ansvaret for barnet sitt.

Det har også vore vonde døme på at ein elev har invitert alle i klassen, og mest ingen har møtt, utan å gje nokon grunn. Dette er sjølvsagt forferdeleg vondt for den familien som sit der med masse kake og ingen gjester....

## Heimegrupper

På klassestega 1.-4. organiserer foreldrekontaktane heimegrupper. Her blir elevane i kvar klasse delt inn i mindre grupper på 4-5 elevar. Dei besøker kvarandre etter tur. Det er ikkje så store krav til slike grupper, men kjekt om det er ein felles aktivitet, t.d. spel eller formingsaktivitet. Ein et gjerne kveldsmat i lag.

Poenget er at dei skal vere saman og gjere ting i lag. Det er altså først og fremst eit sosialt tiltak der elevane skal bli kjent med andre i klassen enn dei er med til vanleg, og det er ein fin plass for foreldre å bli litt meir kjende med medelevane. Dette heng saman med at jo betre me kjenner kvarandre, jo lågare terskel for å ta kontakt om det er noko som skulle skje i skulekvardagen eller i fritida. Det er også ein del av skulen sin anti-mobbestrategi. Me mobbar ikkje venene våre.

### Skulearrangement

På mange måtar er selskap, heimegrupper, spelkveldar, skøytekveldar eller liknande å sjå på som skulearrangement. Det er klassekameratar det er snakk om, og det er foreldre som organiserer desse

tinga. Me vil sterkt oppmode foreldre til å prioritere desse arrangementa. Og prioritere dei før fritidsaktivitetar. Desse arrangementa er ofte ein gong, medan t.d. fotballtrening er minst ein gong i veka heile året. Det går fint å stå over ei trening for å gå i selskap.

## Foreldremøte og andre foreldrestyrte arrangement

Foreldremøter er ofte i samarbeid med trinnlærarane. Innhaldet er ofte ei deling mellom saker (fagleg og sosialt) skulen vil ta opp, og saker foreldra vil ta opp. Foreldra må gjerne ha eit førebudd tema i tillegg til saker skulen tek opp. Foreldremøter bør vere korte og konkrete og med godt innhald. Ein har normalt foreldremøte i klassen rett i etterkant av felles foreldremøte. Foreldrekontakten har førebudd saksliste og diskutert denne med klasselærer.

Det kan vere ein fordel dersom ein har manus etc oversett til framandspråk (Google translator) som er på trinnet. Det gjer det meir meningsfullt for foreldre med språk-utfordringar å møte.

### Sjekkliste

Oppgåve	Ansvar	Utført
Dato og klokkeslett		
Sjekke at bibliotek, gymsal etc er ledig den datoen ein har valt		
Kven låser opp, kven kjem tidleg for å setje i stand		
Prosjektor, pc, lerret, mikrofon etc		
Stolar i gymsalen		
Avtale med lærar, rektor, sosiallærer eller andre ein ynskjer å ha med på møtet		
Kaffi og mat?		
Sende ut innbyding i ranselpost og på nettsidene		
Møteleiing, rollefordeling		
Omsette manus og powerpoint		
Høyr med skulen om det er behov for å bestille tolk		

## 17.mai komiteen

17.mai-komiteen er eit underutval av FAU. Det er foreldra ved Kleppe skule som har ansvar for å organisere 17.mai-feiringa for skulekrinsen. FAU peiker kvar haust ut ein 17.mai-komit  som har som oppg ve   gjennomf re  rets arrangement. FAU har ogs  ansvar for   vidareutvikle arrangementet n r ein finn det naudsynt. Komiteen skal peikast ut blant foreldra p  7.trinn. I praksis er det ofte avg ande komit  som m ter p  7.trinn sitt foreldrem te og gir vidare dokument etc.

7.trinn (med litt hjelp av 6 trinn) har alts  ansvar for 17.mai arrangementet for Kleppe skule. Det betyr at det er foreldre p  desse trinna som har ansvar for dugnad og gjennomf ring av arrangementet.

### 6. trinn sitt ansvar

Kaker, p smurt mat, kaffi/te. Kvar familie p  6.trinn leverer eit fat med kake eller p smurt mat og ei kanne kaffi eller te. Dette vert levert i Klepphallen p  f remiddagen 17.mai.

### 7.trinn sitt ansvar

7.trinn er hovudansvarleg for arrangementet, og skal velje ein 17.mai komit  p  hausten. Det er gode permar og nettside for komiteen som gjer det enkelt for alle   g  inn i desse rollane. Komiteen best r av desse rollane:

**Leiar:** Organiserer, koordinerer, kallar inn til m te, leiar toget, held kontakt med kommune etc.

**Sekret r:** Skriv referat, informasjon til foreldre, skule, inviterer barnehagar, skular, organisasjonar etc til toget.

**Kasserar:** Produserer program, kontaktar n ringslivet for st tte, rekneskap, betalar rekningar, vekslepengar til matsal, vekslekontor/kasse p  17.mai-dagen.

**Matansvarleg:** Kj per inn mat, organiserer matsal og dugnadsforeldre til dette

**AV-ansvarleg:** F r p  plass lyd-utstyr og lys inne og ute, organiserer fotografering i toget og viser dette i hallen.

**Pynt og Tog:** Organiserer toget, set opp plakatar slik at folk ser rekkefylgje i toget, rigge og pynte bord i hallen. Legg tepper, rigge scene. Organiserer dugnadsforeldre.

**Leik/konkurranse:** Organiserer leiker, kj per inn premiar, scene ute ved l p (lastebil?), lyd ute i samarbeid med AV. Rigge buer etc. Organiserer foreldre til desse oppg vene.

### Sjekkliste

Oppg�ve	Ansvar	Utf�rt
Avtale foreldrem�te med fjor�rets komit�	Foreldrekontaktar	
Informere ny komit� om oppg�ver	Fjor�rets komit�	

## Sykkelprøven 4.trinn

Skulen og FAU tilrår ikkje at elevane syklar til skulen før dei har gjennomgått opplæring og teke sykkelprøven. Dette er fordi me veit at barn ikkje er fysisk utvikla nok før i 10-12 års alder når det gjeld t.d. å bedømme kor lyd kjem frå. Trafikkstyremakter og organisasjonar som Trygg Trafikk meiner difor at barn ikkje er trygge nok til å vere aleine i trafikken før denne alder.

Opplæringa skjer primært i skuletida, og skulen kan i nokre tilfelle få hjelp av Trygg Trafikk, politiet eller andre instansar for å gje best mogleg opplæring. Sjølve sykkelprøven vert arrangert rundt påsketider på 4.trinn.

Det er skulen ved trinn-lærarane som har ansvaret for å organisere prøven. Dei finn dato, lagar kart over løypa, set opp kontrollpostar og lagar til deltakarnummer og rapporterings-skjema for kontrollpostane. Det er ein perm på skulen som har den informasjonen lærarane treng for å organisera dette arbeidet. Skulen har også ansvar for å sjekke at syklane er i god nok teknisk stand. Dei kan nokon gong få hjelp av politiet i dette arbeidet.

### Foreldreansvar

Foreldrekontaktane på 4.trinn har ansvar for å organisere nok foreldre til å bemanne postane i sykkelløypa. Det betyr å organisere dugnad blant foreldre som kan kome ifrå på dagtid. Det er 15 postar som skal bemannast frå skulen via Kleppekrossen og tilbake til skulen.

Foreldra får eit prett og eit skjema med deltakarnummer og ein blyant. Dersom deltakaren feilar på posten, så skriv ein merknad på skjemaet. Feil kan t.d. vere å ikkje gå av sykkelen når ein kryssar fotgjengarfelt, ikkje sjå til begge sider før ein kryssar veg etc.

### Sjekkliste

Oppgåve	Ansvar	Utført
Setje dato		
Informere foreldre, nett og ranselpost		
Praktisk: Kart, postar, rapportskjema, blyant		
Organisere dugnad		
Utdeling av «Sykkelsertifikat»		

## 7.trinn avslutningsfest

### 7.trinn ansvar

På slutten av 7.trinn arrangerer foreldrekontaktane og skulen fest for elevane i festsalen på Klepp Rådhus. Foreldrekontaktane inviterer og organiserer. Skulen har ansvar for program.

### 6.trinn ansvar

6.trinn leverer mat og serverer på festen. Foreldrekontaktane organiserer dugnad.

### Sjekkliste

Oppgave	Ansvar	Utført
Setje dato		
Bestille festsalen		
Rigge lyd/lys		
Setje ut stolar, rydde etterpå		
Leie programmet		
Matansvarleg		
Servering/rydding		

## Årshjul FAU Kleppe skule 2017/2018

	Aktivitet	Ansvar	Utført
August	29. FAU-møte. Konstituering av styret	Leder kallar inn	
	30. Foreldrekontaktmøte	Rektor	
September	7. Driftsstyret		
	26. FAU-møte		
	17.mai-komiteen i gang	FAU-repr 7.trinn	
Oktober	23. FAU-møte		
November	13. Refleksdemo 1.trinn på Jærhagen		
	20. FAU-møte		
	22. Driftsstyret/SMU		
Desember			
Januar	FAU-repr deltek på foreldrekontaktmøter på trinna for å planlegge foreldremøte på våren	Alle FAU-repr	
	22. FAU-møte		
Februar	6. Driftsstyre		
	26. FAU-møte		
Mars	Fellesmøte med Driftsstyret, FAU, elevråd, foreldrekontaktar	Rektor	
	12. FAU-møte		
	Kåre vinner av reflekskonkurransen	FAU	
April	17. Driftsstyre/SMU		
	23. FAU-møte		
	Foreldremøter på trinna	Alle FAU-repr saman med foreldrekontaktane	
	Sykkelprøve 4.trinn	Skulen/Foreldrekontaktar 4.trinn	
Mai	Frist for foreldrekontaktar og FAU-repr. til neste år.		
	21. FAU-møte		
Juni	11. FAU-møte med nye repr		
	18. Driftsstyre		

## Felles årshjul (NB! Ikkje oppdatert enda!)

SFO			
1.-15. august	Oppstart, bli kjent		
16. august	Stengt		
Oktober	Foreldresamtalar		
Oktober	Internasj.veke	Veke 43	
28. oktober	Teddy bjørnens dag		
November	Foreldresamtalar		
18. nov.	SFO stengt		
November	Temaveke veke 47	Barnekonvensjonens bursdag	
16. des	Grøttest		
1. steg			
September	10.min. samtalar		Kontaktlærer
13.September	Foreldremøte		Kontaktlærer/foreldrek.
22. sept.	Spelekveld kl.17.00		Foreldrekontaktane
Oktober	Aksjonsveke veke 40		Kontaktlærer
5. oktober	Aksjonskveld 1730-1930	Skulen	Kontaktlærer/Foreldrek.
November	Utvoklingssamtalar		Kontaktlærer
1. November	Refleksdemonstrasjon	Parkeringstak Jærhagen	Tormod/FAU 1-trinn repr.
14. Desember	Juleverkstad		Kontaktlærer
20. Desember	Julegraut	Uteskule Toreskogen	Kontaktlærer/Foreldrek.
18. jan	Foreldrekontaktmøte	Kl.20.00	Foreldrekontaktar
Februar	Sosial ettermiddag		Foreldrekontaktane
Mars	Foreldremøte	Val nye foreldrek./FAU	Foreldrekontaktane
7. april	Påskelunch		Kontaktlærer/Foreldrek.
April/Mai	Utviklingssamtalar		Kontaktlærer
17. mai	Barnetog		Foreldrekontaktane
29. mai	Avslutning kl.1700 – 1900		Foreldrekontaktar
2. steg			
<b>September</b>	-Foreldremøte torsdag 21.sep kl.19.00. -Foreldrekontaktmøte 27.sep		-Kontaktlærarane og foreldrekontaktane
<b>Oktober</b>	-Jubileumsveke 40 -Jubileumskveld 5/10 - Sosial kveld onsdag 25/10		-Kontaktlærarane -Kontaktlærarar og foreldre
<b>November</b>	-Utviklingssamtalar		-Kontaktlærarane
<b>Desember</b>	-Juleverkstad mandag 11.12 -Julegraut 20.12		-Kontaktlærarane +hjelp frå foreldre -Foreldrekontaktane

<b>Januar</b>	-Foreldrekontakt møte		-Foreldrekontaktane
<b>Februar</b>	-Sosial ettermiddag		-Foreldrekontaktane
<b>Mars</b> Innan 15.mai	-Foreldremøte: dato og tema -Val av nye foreldrekontaktar og FAU-representant. -Påskelunsj 23.mars		-Foreldrekontaktane  -Kontaktlærarane og foreldrekontaktane
<b>April/mai</b>	-Utviklingssamtalar		-Kontaktlærarane
<b>Mai</b> 17.mai	-Barnetog -Sommaravslutning/ forestilling		-Foreldrekontaktane
<b>3. steg</b>			
8. September	Foreldremøte		Kontaktlærer/Foreldrek.
5. okt	Aksjonskveld		Kontaktlærer
Oktober	Fellesaktivitet		Foreldrekontakt
Okt/Nov	Foreldrekonf m/elev	Veke 44 og 45	Kontaktlærer
7. Desember	Julegraut	Toreskogen	Foreldrekontaktar
April/Mai	Foreldremøte		
April/Mai	Foreldrekonf. m/elev		Kontaktlærer
7. April	Påskefrokost		Foreldrekontaktar
12. mai	Frist nye foreldrek.		Foreldrekontaktar
17. mai	Barnetog		Foreldrekontaktar
13. juni	Avslutning for trinnet	Kl.17.00	Foreldrekontaktar
<b>4. steg</b>			
1. Sept	Foreldrekontakt møte		Adm/kontaktlærere
15. sept	Foreldremøte	Biblioteket kl.19.00	Kontaktlærere/ Foreldrekontakter
5.oktober	Aksjonskveld/Aksjonsveke		Kontaktlærere
November	Utviklingssamtalar		Kontaktlærer
November	Aktivitetkveld	Klasserommet	Foreldrekontaktane
Desember	Juleverkstad	På skulen	Kontaktlærer
Desember	Julegudsteneste	Veke 50	Kontaktlærer
16. des	Julegraut	Klasserommet	Foreldrekontaktane
26. jan	Foreldrekontakt møte	Kl.20.00	Foreldrekontaktane
Februar	Skøytekveld	Veke 5, isbanen	Foreldrekontaktane
16./17. mars	Mexico Lexico		Kontaktlærarane
Mars	Elevsamtalar		Kontaktlærer
5. april	Påskelunch	Skulen	Foreldrekontaktane
April	Sykkelsertifikat		Kontaktlærer/Foreldrekont.
April	Foreldremøte		Foreldrekontaktane
Mai	Aktivitetsveke	Veke 19	Kontaktlærer
Mai	Utviklingssamtalar		Kontaktlærer
15. mai	Frist val nye foreldrekontaktar		Foreldrekontaktar
17. mai	17.mai tog		Foreldrekontaktar
18. mai	Arkeologisk museum/Jernaldergarden		Kontaktlærer

1. juni	Sommerfest		Foreldrekontaktar
<b>5. steg</b>			
31. august	Foreldremøte		
Sept	Klassekasse, konto	Ranselpost	Foreldrekontaktar/lærar
16. des	Julegraut, nisse og poser	Klasserommet kl.10.00	Foreldrekontaktane
26. januar	Spelekveld. Alle tar med eigen mat/drikke og spel.	Klasserommet 18.30-20.00	Foreldrekontaktane
18. januar	Foreldrekontaktmøte	Hos May Hilde	Foreldrekontaktane
7. april	Påskefrokost	Klasserommet	Foreldrekontaktane
17. mai	Toget	Aktivitet?	Foreldrekontaktane
Juni	Avslutning	Felles alle stega?	
<b>6. steg</b>			
1. Sept	Foreldrekontaktmøte		Rektor/kontaktl.
7. sept	Foreldremøte		
Oktober	Aksjonsveke v.40		Kontaktlærar
5. oktober	Aksjonskveld		Kontaktlærar
november	Utviklingssamtalar		Kontaktlærar
9. nov	Aktivitetskveld		Foreldrekontaktar
Desember	Julegudsteneste		Adm + 6.trinn
Desember	Julegraut etter gudst.	Kleppeloen	Foreldrekontaktar
Februar	Skøytetur		Kontaktlærar
Mars	Forestilling		Kontaktlærar
Mars	Elevsamtalar		Kontaktlærar
April	Påskefrokost	Ha med mat?	Foreldrekontaktar
April	Foreldremøte		Kontaktlærar
April	Utviklingssamtalar		Kontaktlærar
April	Vitenfabrikken		Kontaktl/Foreldre
4. mai	Tur på ettermiddag		Foreldre.
Mai	Aktivitetsveke	Veke 19	Kontaktlærar
12. mai	Utstein kloster		Kontaktlærar
15. mai	Nye foreldrekontaktar		Foreldrekontaktane
17. Mai	Levere mat/kaffi. Tog	Klepphallen	Foreldrekontaktane
Juni	Overnattingstur v.24	Foreldre køyrer	Kontaktlærar/foreldre
Juni	Servere 7.kl.festen	Rådhuset	Foreldrekontaktane
Juni	Sommaravslutning		Foreldrekontaktane
<b>7. steg</b>			
1. sept	Foreldrekontaktmøte		Rektor/kontaktl.
14. sept	Foreldremøte 19.30		Kontaktlærar
17. sept	Byttedag	Gymsal	FAU
5. okt	Aksjonskveld		Kontaktlærar
november	Utviklingssamtale		Kontaktlærar
24. nov	Spelekveld/kveldsmat	Klasserom	Foreldrekontaktane
desember	Julekonsert	Jærhagen	Kontaktlærar
desember	Julegudsteneste		Kontaktlærar

desember	Julegrøt	Kleppeloen	Foreldrekontaktane
januar	Foreldrekontakt møte		Foreldrekontaktane
Jan/feb	Korslaget		Kontaktlærer
februar	Foreldremøte		Foreldrekontaktane
Mars	Elevsamtalar		Kontaktlærer
	Utviklingssamtalar		Kontaktlærer
April	Påskefrukost	Har med mat	Kontaktlærarane
Mai, veke 19	Aktivitetsveka		Kontaktlærarane
17. mai	Tog		Foreldrekontaktane
17. mai	17.mai arrangement	Dugnad turnhallen	Alle foreldre
Juni, v. 23/24	Kongeparken		Kontaktlærer
	Overnatting ute	Orre	Foreldrekontaktane
20. juni	Avslutningsfest		Foreldrekontaktane

## Idébank arrangement

1. Song på Sirkelen, ta med ein klasse, eit steg, ei gruppe og syng nokre songar på Sirkelen, Kleppheimen, Alderspensionatet, dagsenteret eller liknande. Kjekt å koma ut og kjekt å glede andre.
2. Stikkbakkturnering
3. Grilling, låne grillhytte
4. Klassefest, sosial kveld; kan t.d. leige turnhallen, ha ulike tema som t.d. Disko, pysjamas-party.
5. Ut på tur: Me kan arrangere tur med overnatting i lavvo, kanotur. Sykkeltur til jordbruksskulen med tur til gapahuken, eller Frøylandsvatnet rundt. Tur der vi samlar ting og lagar noko av det, såkalla «Land-art».
6. Refleksrebus
7. Skøytekveld er fin vinteraktivitet.
8. Sporleik, stafett, fotball er alltid populært. Gjerne kombinert med grilling; hytta i Toreskogen eller ved skulen kan brukast.
9. Skulen/klassekontaktane kan arrangere «Hemmeleg ven» (trekke lapp med namn og får i oppgåve å seie fine ting til kvarandre)
10. Me kan utfordre barna til å gjere noko bra for nokon andre på skulen, for eksempel gjere nokon glad eller lage ein «kompliment-boks».
11. Andre aktivitetar kan vere spel-kveld med kveldsmat, Jentegruppe- relasjonsbygging, Filmkveld, skolekjøkken, felles aktivitetar i gymsalen, fotballkveld i gymsalen, spel-turnering; sjakk, kanonball, sandvolleyball, krocket mm
12. Rollespel som «Skulen slik det var på 80-talet».
13. Juleverkstad.
14. Aktivitetar som mange kan vera med på (hoppetau, fotball, stikkball, strikk, stiv heks, tikken, o.l.).

15. Ope hus på skulen ein gong i månaden.
16. Sommaravslutning med kjekke aktivitetar for alle.

## FAU Kleppe skule 2017-2018

Trinn	Funksjon	Navn	Mail	Valgperiode
1 trinn	Repr.	Lisbeth Skogland	lisbeth.skogland@gmail.com	2017-2019
	Vara	Linda Øvrebø	lindator@hotmail.com	2017-2019
2 trinn	Repr.	Else Berit Hattaland	elsebh@jbl.no	2016-2018
	Vara	Therese Rørtvedt	tr.therese@gmail.com	2016-2018
3 trinn	Repr.	Inghild Versland	inghildversland@hotmail.com	2016-2018
	Vara	Solvor Stangeland	solvorstangeland@gmail.com	2017-2019
4 trinn	Repr.	Anders Bø	anders.boe@gmail.com	2016-2018
	Vara	Silje Tjøtta Haga	siljet84@hotmail.com	2016-2018
5 trinn	Repr.	Beate Braut	beate.braut@kleppnett.no	2017-2019
	Vara	Astrid Langevoll	astrid.fisketjoen@gmail.com	2016-2018
6 trinn	Repr.	Dag Folkvord	dag@folkvord.org	2016-2018
	Vara	May Hilde Wetteland Braut	may.hilde.w.braut@kleppnett.no	2016-2018
7 trinn	Repr.	Torunn Vigrestad	tvigrestad@kleppnett.no	2017-2019
	Vara	May Linn Hovden	maylinn.hovden@gmail.com	2017-2019
sfo	Repr.	Helga Lønne	helga.mossige@gmail.com	2016-2018
	Vara	Hege Eshaghi	hegeoeyen@yahoo.com	2016-2018
Rektor		Sylvia Gjersdal	sylvia.gjersdal@klepp.kommune.no	

## Klassekontaktar 2017/2018

### 1. trinn

1A	Monica Bore	momsa83@hotmail.com
	Lisbeth Skogland	lisbeth.skogland@gmail.com
1B	Monica Nese	monicaborsheim@yahoo.no
	Jeanette Hustadnes	jeanetteaue@hotmail.com
1C	Saleha Akbari	akbarisaleha@gmail.com
	Francesca Folkvord	qkinha@gmail.com
1D	Linda Øvrebø	lindator@hotmail.com
	Espen Bersagel Nese	espbn@icloud.com

### 2. trinn

2A	Camilla Sandstøl Vaa	camilla.sandstol@gmail.com
	Else Berit Hattaland	elsebh@jbl.no
2B	Therese Tegle Rørtvedt	Tr.therese@gmail.com
	Astrid Oma Kristiansen	lyngvegen@greatmachine.org
2C	Rune Braut	rune.braut@kleppnett.no
	Linda Håland	lindahlandh@hotmail.com
2D	June Jakobsen	jakobsenjune@gmail.com
	Merethe Karlstad Årdal	meretheardal@gmail.com

### 3. trinn

3A	Unni Fredriksen	Unni.fredriksen@gmail.com
	Jurgita Bore	jurgitavaskyte@hotmail.no
3B	Lene Bore	Borelene83@gmail.com
	Magrete Torland	magrete_t@hotmail.com
3C	Bodil Barka	bodil.barka@gmail.com
	Solvor Stangeland	solvorstangeland@gmail.com

### 4. trinn

4B	Anne Solfrid Brennhovd	annesolfrid@brennhovd.no
	Jan-Gunnar Haraldseid	jan_guna@yahoo.no
4D	Elin Walde Hodne	elinwalde440@hotmail.com
	Marit S Storhaug	marit.storhaug@hotmail.com
4E	Karen Årsvold	karen.arsvold@gmail.com
	Anders Bø	anders.boe@gmail.com

**5. trinn**

<b>5A</b>	Astrid Langevoll	Astrid.fisketjoen@gmail.com
	Ingunn Einarsen	ingipingi@live.no
<b>5B</b>	Alice Friestad	alice@lieblikk.no
	Torstein Thorstvedt	thnietsrot@gmail.com
<b>5C</b>	Kristine Iversen	kristinefi@gmail.com
	Marcus Homme	t.marcus.homme@hotmail.com
<b>5D</b>	Bente Malmin	bmal@hth.no
	Miriam Rosland	77mimmi77@gmail.com

**6. trinn**

<b>6A</b>	Elin S Håland	frusvihus@hotmail.com
	Anne Orstad	anne.orstad@hotmail.com
<b>6B</b>	Siril Grude	siril.grude@gmail.com
	Knut Terje Noraberg	Knut- Terje.Noraberg@kleppnett.no
<b>6C</b>	May Hilde Wetteland Braut	may.hilde.w.braut@kleppnett.no
	Elisabeth V Tengs	eliva@statoil.com
<b>6D</b>	Atle Salte-Midtskogen	atle@kleppnett.no
	Unni Fredriksen	unni@buffi.org

**7. trinn**

<b>7A</b>	Asbjørn Aarrestad	asbjorn@aarrestad.com
	Bente Malmin	bmal@hth.no
	Miriam Rosland	77mimmi77@gmail.com
<b>7B</b>	May Linn Hovden	maylinn.hovden@gmail.com
	Torunn Vigrestad	tvigrestad@kleppnett.no